# Protokollar 1993 Styre og Rep. skap for VØR

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 19/4-94 kl. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Hans Ryste
Kai Raaberg
Ove Lid
Svanhild Myklebust
Bjørn Øren (vara for Per Mork)

Einar Flø
Kjetil Årøen

**Sak nr 12/94: Årsmelding og rekneskap 1993.**

Styret gjekk gjennom rekneskapen i detalj, og fann ingen kommentarar til dette.

Årsmeldinga vart og gjennomgått, og ein rådde til mindre endringar i teksten innleiingsvis.

Samrøystes vedtak lyder:

**Styret i VØR godkjenner framalgte rekneskap og årsmelding for 1993. Styret i VØR rår representantskapet til å gjere samme vedtak.**

**Sak nr. 13/94: Stillingsinstruks og lønsplasering av oppsynsmann / driftsassistent.**

Styret har i sak nr. 03/94 tilsett Per R. Mork til å syte for drift av grovavfall og spesialavfallet. I sak 03/94 vart det ikkje gjordt vedtak om lønsplasering.

Samrøystes vedtak lyder:

**Styret i VØR tilset Per R. Mork i stillinga som nestleiar i VØR med lønsplasering i ltr. 15. Dette forutset at Mork godkjenner instruksen for stillinga.**
**Dersom Mork ikkje ynskjer nestleiarfunksjonen vert han plasert som oppsynsmann i ltr. 14 med tillegg av oppsynsmannstillegget. Lønstrinn 15 forutset og at "regelen" om maksimalt 5 lønstrinn mellom leiar og nestleiar er aktuell.**

**Vedtaket gjeld fram til endeleg stillingsinnstruks/organisasjonsplan ligg føre. Ved eventuelle endringar har styret høve til å revurdere både stilling- og lønsplasering.**

**Sak nr. 14/94: Kjøp av todelt komprimatorbil**

Det vart i denne saka diskutert om framtida til dei ulike fraksjonane og mogleg avsetnad på kjeldesortert materiale. Driftsleiar orienterte om signala frå styresmaktene (avfallskonferansen), og konkluderte med at kjeldesortering er kome for å bli. Driftsleiar meinte at det er vidaredisponeringa som til ei kvar tid må vurderast.

På bakgrunn av dette, og at den eldste bilen vår er ustabil, vart tilrådinga til vedtak vedteken mot ei røyst (Svanhild Myklebust).

VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Framh. sak 14/94.

Vedtaket lyder:

**Styret i VØR vedtek å kjøpe ein ny komprimatorbil av typen Norba MF-2 på eit Scania chassis. Investeringa skal finansierast med låneopptak stort 1.070.000,- kroner. Driftsleiar får høve til å vurdere om det er trong for å utstyre bilen med ein ekstra hjulaksling (bogi) for å betre lasteevna. Dersom ein finn dette tenleg rår styret til at det vert teke opp lån stort 1.160.000,- kroner.**

**I tilegg vedtek ein å kjøpe ein mindre bil til persontransport. Det vert sett av inn til 30.000,- kroner til dette formålet.**

**Vedtaka forutset at representanrskapet godkjenner lånopptaket, og at ein får garantiar frå eigarkommunene på lånesummen.**

**Sak nr. 15/94: "Komposteringskontrakt".**

Saka vart utsett til seinare møte.

**Sak nr. 16/94: Kjøp av tilleggsareal.**

Det vart ikkje gjordt vedtak i denne saka. Driftsleiar fekk mynde til å forhandle med kommune og grunneigar innanfor rammene av opparbeiding av alternativt areal. Ein synte her til takst frå Mulvik A/S.

**Sak nr. 17/94: Handsaming av søknad frå drifsleiar.**

Saka går ut.

**Sak nr. 18/94: Eventuelt**

Det vart handsama to saker under eventuelt og desse får eigne saksnummer.

**Sak nr. 19/94: Innkjøp av kompostkvern.**

Samrøystes vedtak lyder:

**Styret i VØR vedtek å kjøpe inn kompostkvern for utlån/leige til abonnentane. Styret set av kr 15.000 til dette formålet. Innkjøpet skal konterast på konto 6432, Kjeldesorteringsutstyr.**

**Sak nr. 20/94: Handsaming av rekning frå styreleiar.**
Ove Lid sa seg ugild i saka.

I tråd med tidlegare aksept frå styret har styreleiar gjordt ein god del arbeid med gjennomgang av fakturagrunnlaget frå 1992. Dette for å avlaste driftsleiar.
Styret vedtok å betal styreleiaren kr. 100,- pr time for arbeidet.

Møtet heva, Kjetil Årøen

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk tysdag 14/12-93 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Kai raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkallinga og sakliste.

**Sak nr. 47/93: Evaluering av papirinsamlinga.**

Driftsleiar gjekk igjenom ein status for innsamlinga så langt. Dette har vore ein suksess, med svært god oppslutning. Folk har og vore svært flinke til å sortere pappen og papiret.

Innsamlinga har vore eit prøveprosjekt på fem månader (fram til 31/1-93), og styret i VØR gjekk samrøystes inn for å halde fram med papirinnsamlinga i 94.

Det har synt seg at å køyre ekstra runde for å hente inn papiret vert unødig dyrt. Det var i sakspapira presentert fire ulike modellar til løysing. I korttekst er dei ulike forslaga som under:

A. Som i dag, med ekstra runde på kveldstid.

B. Kjøpe ein brikt bil og hente papiret på dagtid.

C. Hente vanleg avfall tre veker i mnd. og papir den fjerde.

D. Kjøpe ein dobbel bil og hente papiret samtidig med bosset.

Eg syner til det reknestykket som er med i sakspapira under denne saka, der dei to første ordningane (A og B) medfører til ein meirkostnad i høve til å brenne papiret på Grautneset. Med modell C og D derimot får vi ein vesentleg gevinst. I og med at ein med modell C må nytte modell A i den varme årstida ( modell A representerer ein kostnad og reduserer den totale innsparinga) er det modell D som går ut som den mest økonomiske løysinga. Løysing D medfører innkjøp av ein ny bil, og ein må nøye vurdere om det let seg gjennomføre med dei mengdene vi har i dag og rekke rundt med ein 4 vekers turnus. Samtidig må ein sjå på arbeidsmiljøet for innhentarane. Modell C igjen forutset at ein får aksept frå helsesida om å nytte 14. dagarshenting ei veke i månaden.

Med desse forutsetningane vart det gjordt to framlegg til vedtak:

1: Styret i VØR går inn for å kjøpe ein brukt bil til papirinnsamlinga. Denne skal køyre innsamling på dagtid, og ordninga syselset to mann (modell B).

2: Styret i VØR går inn for at modell D vert nøyare gjordt greie for, og at ein i ein

overgangsfase går inn for å nytte modell C. Innsamling etter modell C vert sett igang så snart ein har fått ut informasjon om ordninga.

Det vart røysta over dei to framlegga, og alternativ 2 fekk fleirtal med tre mot ei røyst (Per Mork).

## Sak nr. 48/93: Endring av budsjett 93.

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke, og lyder:

**Styret i VØR vel å føre budsjettet for slam som eige budsjett. Dette skal gjelde frå og med årsrekneskapet for 1993.**

## Sak nr. 49/93: Heimekompostering.

Kjeldesorteringsplanen for kommunen Volda og Ørsta konkluderer med at ein vil opne for heimekompostering for dei som ynskjer det. Det er rimeleg at den som går inn på ei slik ordning ser dette igjen i ein reduksjon i avgifta. (Denne reduksjonen er basert på at heimekompostering vert å rekne som ein godkjendt metode for avfallshandtering).

Den reduksjonen som er reell er minke i mengde. Matavfallet utgjer 30 % av mengda frå ein husstand, og styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

**Styret i VØR går inn for at dei abonnentane som går inn på ordninga med heimekompostering får ein reduksjon i renovasjonsgebyret på 200,- kroner. Det vert sett som forutsetning at abonnenten sjølv kjøper binge, og at han knyter seg opp til VØR gjennom ei kontrakt som går på forsvarleg drift av bingen. Ein forutset og at bingen er av godkjendt type.**

**I og med at takstane for 94 er fastsett, vert reduksjonen for 1994 gitt i form af tilskot til kjøp av binge. For 1995 vert det redusert avfallsgebyr.**

**Dei abonnentane som allereie har skaffa seg binge, får ikkje tilskotet til innkjøp. Dei får først redusert avgift i 1995. Tilskotet føreset at bingen vert kjøpt gjennom VØR.**

Kjetil Årøen

# VEDLEGG TIL MØTEBOK VØR 1993:

1. BUDSJETT 1993
2. REVIDET BUDSJETT 1993 (NORSK STANDARD)
3. BUDSJETT 1994
4. AVTALE MELLOM FUGLEDAL OG VØR

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Postboks 24 6160 Hovdebygda



## BUDSJETT VØR 1993

| UTGIFTER | | BUDSJETT 93 | REVIDERT BUDSJETT 92 | REKNESKAP 91 |
|---|---|---|---|---|
| **38.00.0** | **Lønsutgifter** | | | |
| 38.00.001 | Møtegodtgjerdsle | 15.000 | 19.400 | 4.550,00 |
| 010 | Faste løner | 1.908.000 | 1.805.140 | 1.697.181,18 |
| 081 | Ekstrahjelp | 290.000 | 369.800 | 309.722,38 |
| 082 | Overtid | 52.000 | 88.110 | 61.813,24 |
| 090 | Arbeidsgjevaravgift | 300.000 | 299.330 | 275.371,37 |
| 091 | Pensjon | 35.000 | 41.580 | 12.910,95 |
| 092 | Kommunal opplæring | 1.500 | 1.710 | 2.896,50 |
| 093 | Eigenkapital, pensjon | 35.000 | 34.000 | 42.674,00 |
| 095 | Sosiale kostnader | 7.500 | 4.815 | 0,00 |
| | LØN | 2.644.000 | 2.663.885 | 2.407.119,62 |
| **38.00.1** | **Kjøp/vedlikehald av utstyr/anlegg** | | | |
| 38.00.100 | Ny renovasjonsbil | 1.000.000 | 0 | 0,00 |
| 101 | Ny tenestebil | 250.000 | 0 | 0,00 |
| 110 | Innkjøp av nye maskiner/teknisk utstyr | 75.000 | 257.000 | 0,00 |
| 120 | Innbu og utstyr | 30.000 | 68.000 | 2.877,23 |
| 151 | Vedlikehald Alida | 0 | 10.100 | 56.762,24 |
| 152 | Vedlikehald komprimatorstasjon | 60.000 | 90.000 | 26.864,90 |
| 153 | Vedlikehald maskinar/utstyr | 15.000 | 1.550 | 12.630,30 |
| 'UTSTYR/ANLEGG | | 1.430.000 | 426.650 | 99.134,67 |

| UTGIFTER | | BUDSJETT 93 | REVIDERT BUDSJETT 92 | REKNESKAP 91 |
|---|---|---|---|---|
| 38.00.2 | Driftsutgifter | | | |
| 38.00.200 | Kontorutgifter, inkludert reklame | 75.000 | 85.000 | 49.900,94 |
| 201 | Gebyrer, betalingsformodling | 5.000 | 5.500 | 1.771,00 |
| 210 | Lys og brensel | 55.000 | 50.000 | 39.836,50 |
| 211 | Reinhaldsmateriell/lyspærer etc. | 2.000 | 3.500 | 395,00 |
| 212 | Reinhald | 37.500 | 32.000 | 30.317,63 |
| 213 | Kommunale avgifter | 18.630 | 20.100 | 11.376,58 |
| 222 | Avgifter og trygder, bygg | 9.500 | 9.000 | 8.918,00 |
| 226 | Grunnleige fyllplass/slamdeponi | 1.500 | 1.000 | 0,00 |
| 230 | Reise/kost og representasjon | 52.000 | 60.000 | 13.620,40 |
| 231 | Fergeutgifter | 31.000 | 28.500 | 20.712,00 |
| 240 | Avgifter og trygder,bilar | 112.350 | 100.000 | 98.722,00 |
| 250 | Rekvisita bilar | 10.000 | 0 | 6.116,59 |
| 255 | Transport til Grautneset | 461.000 | 462.000 | 453.618,58 |
| 256 | Transport av glas | 25.000 | 29.000 | 12.846,90 |
| 257 | Transport av spesialavfall | 75.000 | 0 | 2.453,41 |
| 258 | Kostnader , slamtømming | 125.000 | 1.135.000 | 0,00 |
| 259 | Driftskostnader grovavfallsfylling | 50.000 | 200 | 0,00 |
| 260 | Vedlikehald bilar/maskinar | 0 | 10.000 | 1.522,92 |
| 261 | Vedlikehald/drivstoff ny komprimerande bil | 40.000 | 0 | 0,00 |
| 262 | Vedlikehald/drivstoff ny tenestebil | 15.000 | 0 | 0,00 |
| 263 | Vedlikehald/drivstoff UE 46761 MB 78 | 15.000 | 80.000 | 120.809,57 |
| 264 | Vedlikehald/drivstoff UE 58711 Volvo 82 | 35.000 | 100.000 | 30.268,20 |
| 265 | Vedlikehald/drivstoff UN 14905 Nissan 84 | 50.000 | 30.000 | 26.026,71 |
| 266 | Vedlikehald/drivstoff UN 73901 Volvo 88 | 50.000 | 43.000 | 43.271,34 |
| 267 | Vedlikehald/drivstoff UE 75576 Scania 90 | 50.000 | 56.000 | 54.197,23 |
| 268 | Vedlikehald/drivstoff traktor | 10.000 | 7.500 | 6.272,16 |
| 269 | Vedlikehald/drivstoff Åkermann H9 82 | 25.000 | 8.000 | 0,00 |
| 270 | Verne- og arbeidsklede, inkludert vask | 33.000 | 22.000 | 21.265,89 |
| 271 | Linjeleige, Helgahornet | 20.000 | 25.000 | 23.640,00 |
| | **Overført til neste side** | **1.488.480** | **2.402.300** | |

| UTGIFTER | | BUDSJETT 93 | REVIDERT BUDSJETT 92 | REKNESKAP 91 |
|---|---|---|---|---|
| | **Overførtfrå forrige side** | **1.488.480** | **2.402.300** | |
| 280 | Garanti- ulukkestrygd personar | 30.000 | 14.000 | 23.370,00 |
| 281 | Kontigent KS | 13.000 | 11.400 | 11.090,00 |
| 290 | Andre utgifter | 30.000 | 16.000 | 7.489,12 |
| 291 | Kursutgifter | 20.000 | 10.000 | 0,00 |
| 292 | Øreavrunding | | 0 | 1,01- |
| 293 | Utgifter batteriinnsamling | 20.000 | 64.000 | 0,00 |
| 294 | Rekneskap/skrivarhjelp/revisjon | 65.000 | 65.000 | 78.811,00 |
| 295 | Innleige av maskiner/ arbeidshjelp | 25.000 | 74.000 | 96.706,13 |
| 296 | Sekkekjøp | 300.000 | 306.000 | 343.565,00 |
| 297 | Kjøp av stativ | 60.000 | 65.000 | 60.247,00 |
| 298 | Forbrenningskostnader, Grautneset | 3.170.000 | 3.066.000 | 2.738.797,55 |
| 299 | Bedriftshelsetenesta | 15.000 | 12.100 | 12.875,00 |
| | **DRIFTSUTGIFTER** | **5.236.480** | **6.105.800** | **4.450.826,34** |

| 38.00.3 | Renter og ekstraordinære kostnader | | | |
|---|---|---|---|---|
| 38.00.340 | Skadeerstatning | 12.000 | 20.000 | 7.122,00 |
| 341 | Administrasjonskostnader | 7.000 | 35.000 | 92.340,00 |
| 342 | Konsulenthonorar | 25.000 | 4.000 | 25.900,00 |
| 380 | Renter provisjon, kassakreditt | 15.000 | 18.000 | 7.001,25 |
| 381 | Renter på lån, anlegg | 370.000 | 397.800 | 420.234,00 |
| 382 | Renter på lån, bilar | 225.000 | 157.800 | 185.066,00 |
| 383 | Renter lån, grovavfall/slam | 71.000 | 8.500 | 0,00 |
| 389 | Ymse renter, morarenter, ekstraordinære kostnader | 2.000 | 3.500 | 1.729,90 |
| **RENTER OG EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER** | | **727.000** | **644.600** | **739.393,15** |

| UTGIFTER | | BUDSJETT 93 | REVIDERT BUDSJETT 92 | REKNESKAP 91 |
|---|---|---|---|---|
| **38.00.4** | **Nyanlegg** | | | |
| 38.00.401 | Komprimatorstasjon | 300.000 | 0 | 1.822,92 |
| 410 | Anlegg spesialavfall | 15.000 | 0 | 0,00 |
| 420 | Anlegg slam | 10.000 | 157.000 | 1.107,38 |
| 430 | Anlegg grovavfall | 230.000 | 455.000 | 2.000,00 |
| | NYANLEGG | 555.000 | 612.000 | 4.930,30 |
| **38.00.5** | **Finansielle utgifter** | | | |
| 38.00.522 | Dekking av tidlegare underskot | 0 | 331.750 | 22.614,54 |
| 550 | Avsetting til fond til kapitalføremål | 0 | 131.300 | 83.300,00 |
| 581 | Avdrag lån komprimatorstasjon | 215.740 | 125.000 | 61.200,00 |
| 582 | Avdrag lån bilar | 361.000 | 218.800 | 93.750,00 |
| 583 | Avdrag på lån, grovavfall/slam | 44.070 | 0 | 0,00 |
| 590 | Styrking av kontantmidelen | 549.997 | 101.077 | |
| FINANSIELLE UTGIFTER | | 1.170.807 | 806.850 | 385.864,54 |
| | SUM KOLONNER | 11.763.287 | 11.360.862 | 8.085.271,72 |

# VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK

Postboks 24 6160 Hovdebygda

| INNTEKTER | | BUDSJETT 93 | REVIDERT BUDSJETT 92 | REKNESKAP 91 |
|---|---|---|---|---|
| 38.00.60 | Sal av sekkar | 45.000 | 43.000 | 19.262,00 |
| 602 | Sal av stativ | 67.000 | 63.000 | 70.000,00 |
| 61 | Renovasjonsavgift 5.450 stativ a kr. 1.295,- henta | 7.057.750 | 6.767.500 | 6.382.519,38 |
| 62 | Forretningsavfall 46.100 kolli a kr. 26,- henta | 1.198.600 | 1.151.200 | |
| 62 | Forretningsavfall 500 tonn a kr. 1.345,- levert | 672.500 | 700.000 | |
| 62 | Privat levering 55 tonn a kr. 1.345,- levert | 73.975 | 90.000 | |
| 630 | Grovavfall 6000 m3 a kr. 102,- levert | 612.000 | 400.000 | 0,00 |
| 631 | Avgift slam 1.100 tankar a kr. 700,- | 770.000 | 944.000 | 0,00 |
| 670 | Transport konteiner 36 turar a kr. 270,- | 9.720 | 9.360 | 0,00 |
| 671 | Utleige av maskin i Alida 75 timar a kr 200,- | 15.000 | 200 | 0,00 |
| 700 | Refunderte sjukepengar | 0 | 51.685 | 110.594,00 |
| 780 | Renteinntekter frå bank | 20.000 | 15.000 | 32.727,53 |
| 839 | Tilskot til utarbeiding av avfallsplan (92) | 0 | 48.000 | 0,00 |
| 840 | Tilskot nyanlegg/prøveprosjekt | 50.000 | 0 | 0,00 |
| 985 | Lån KLP | 0 | 661.000 | 0,00 |
| 986 | Lån KLP, ny renovasjonsbil/gravemaskin | 1.000.000 | 170.000 | 0,00 |
| 987 | Tilbakeføring av fonds frå 1991 | 84.300 | 83.300 | 0,00 |
| 988 | Styrking av kontantmidelen | 87.442 | 163.617 | 0,00 |
| 990 | Rekneskapsmessing underskot 1991 | 0 | 0 | 0,00 |
| | **SUM INNTEKTER** | **11.763.287** | **11.360.862** | **8.250.881,33** |

| KONTO | SALG/INNTEKTER | BUDSJETT 93 | HUSH./FORR. | GROVAVFALL | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|
| 3010 | Sal av sekkar Volda | -22.500 | -22.500 | | |
| 3011 | Sal av dekkar Ørsta | -22.500 | -22.500 | | |
| 3020 | Stativavgift, Volda | -3.291.000 | -3.291.000 | | |
| 3021 | Stativavgift, Ørsta | -3.848.700 | -3.848.700 | | |
| 3030 | Avgift forr.bos, Volda | -818.700 | -818.700 | | |
| 3031 | Avgift forr.bos, Ørsta | -865.700 | -865.700 | | |
| 3040 | Avgift grovavfall, Volda | -185.600 | | -185.600 | |
| 3041 | Avgift grovavfall, Ørsta | -187.000 | | -187.000 | |
| 3050 | Avgift slam, Volda | -215.800 | | | -215.800 |
| 3051 | Avgift slam, Ørsta | -584.400 | | | -584.400 |
| 3060 | Sal av stativ | -67.500 | -67.500 | | |
| 3070 | Transportinntekter | -9.700 | -9.700 | | |
| 3071 | Utleigeinntekter, maskin | -3.000 | | -3.000 | |
| 3090 | Andre inntekter | | | | |
| ** | | | | | |
| 4010 | Kjøp av sekkar | 270.000 | 270.000 | | |
| 4020 | Kjøp av stativ | 65.000 | 65.000 | | |
| ** | | | | | |
| 5010 | Faste løner | 1.908.000 | 1.606.000 | 140.000 | 162.000 |
| 5020 | Ekstrahjelp | 375.000 | 375.000 | | |
| 5030 | Overtid | 150.000 | 120.000 | 20.000 | 10.000 |
| ** | | | | | |
| 5290 | Pål. feriepengar | 260.000 | 220.000 | 20.000 | 20.000 |
| ** | | | | | |
| 5310 | Møtehonorar | 25.000 | 10.000 | 5.000 | 10.000 |
| 5311 | Møtekostnader | 12.000 | 10.000 | 1.000 | 1.000 |
| ** | | | | | |
| 5410 | Arb. gj. avgif | 270.000 | 225.000 | 22.500 | 22.500 |
| 5411 | Arb.gj.av. p.l. feriepengar | 28.000 | 23.000 | 2.500 | 2.500 |
| 5420 | Pensjonspremie | 45.000 | 37.000 | 4.000 | 4.000 |
| 5421 | Pensjonspremie, eigenkapital | 35.000 | 35.000 | | |
| ** | | | | | |
| 5610 | Sjukepengar, refusjon | -120.000 | -75.000 | -22.500 | -22.500 |
| 5620 | Feriepengar, refusjon | -12.000 | -8.000 | -2.000 | -2.000 |
| ** | | | | | |
| 5710 | Kursutgifter | 40.000 | 30.000 | 5.000 | 5.000 |

| KONTO | KONTONAMN | BUDSJETT 93 | HUSH./FORR. | GROVAVFALL | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|
| 5910 | Sosiale kostnader | 7.500 | 5.500 | 1.000 | 1.000 |
| 5911 | Bedriftshelsetenesta | 13.000 | 10.000 | 1.500 | 1.500 |
| 5913 | Kommunal opplæring | 1.800 | 1.800 | | |
| 5920 | Garan./ulukkestr. person | 15.000 | 10.000 | 2.500 | 2.500 |
| ** | | | | | |
| 6010 | Transport, Grautneset | 485.000 | 485.000 | | |
| 6020 | Transport, glas | 50.000 | 50.000 | | |
| 6030 | Transport, spesialavfall | 65.000 | 65.000 | | |
| 6040 | Transport, slam | 10.000 | | | 10.000 |
| 6050 | Batteriinsamling | 0 | | | |
| ** | | | | | |
| 6110 | Straumutgifter | 43.000 | 43.000 | | |
| 6150 | Forbr. kost, Grautneset | 3.300.000 | 3.300.000 | | |
| 6180 | Kommunale avgifter | 22.000 | 22.000 | | |
| ** | | | | | |
| 6220 | Grunnleige, Alida | 1.500 | | 1.500 | |
| 6230 | Lagerleige | 17.000 | 17.000 | | |
| 6270 | Reinhald | 44.000 | 44.000 | | |
| ** | | | | | |
| 6310 | Innleige maskin/arb. hjelp | 10.000 | 5.000 | 2.500 | 2.500 |
| ** | | | | | |
| 6430 | Innbu og utstyr | 15.000 | 15.000 | | |
| 6431 | Maskiner / tekn. utstyr | 40.000 | 40.000 | | |
| 6432 | Kjeldesorteringsutstyr | 50.000 | 50.000 | | |
| 6433 | Kostnad papirinnsamling | 20.000 | 20.000 | | |
| 6440 | Programkostnader EDB | 0 | | | |
| 6460 | Diverse materiell | 8.000 | 8.000 | | |
| 6480 | Verne og arbeidskle | 85.000 | 60.000 | 12.500 | 12.500 |
| ** | | | | | |
| 6510 | Vedl.h. komprimatorstasjon | 188.800 | 188.800 | | |
| 6520 | Vedl.h. maskiner/utstyr | 15.000 | 7.500 | 5.000 | 2.500 |
| 6530 | Vedl.h. slam | 2.000 | | | 2.000 |
| 6540 | Vedl.h. grovavfall | 13.000 | | 13.000 | |
| ** | | | | | |
| 6610 | Revisjon | 18.000 | 6.000 | 6.000 | 6.000 |
| 6620 | Rekneskap | 47.000 | 17.000 | 15.000 | 15.000 |

| KONTO | KONTONAMN | BUDSJETT 93 | HUSH./FORR. | GROVAVFALL | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|
| 6630 | Adm. kostnader | 10.000 | 6.000 | 2.000 | 2.000 |
| 6640 | Konsulenthonorar | 20.000 | 15.000 | 2.500 | 2.500 |
| ** | | | | | |
| 6710 | Kontorutgifter | 35.000 | 15.000 | 10.000 | 10.000 |
| 6720 | Gebyr/ betal. form. | 5.000 | 3.000 | 1.000 | 1.000 |
| 6760 | Aviser/Tidsskrift | 2.000 | 2.000 | | |
| ** | | | | | |
| 6810 | Telefon | 30.000 | 23.000 | 2.000 | 5.000 |
| 6820 | Linjel. Helgahornet | 18.000 | 18.000 | | |
| 6850 | Porto | 5.000 | 3.000 | 1.000 | 1.000 |
| 6890 | Andre driftsutgifter | 5.000 | 5.000 | | |
| ** | | | | | |
| 6910 | Vedlh. Mercedes 78 R2 | 35.000 | 35.000 | | |
| 6911 | Vedlh. Volvo 82 R4 | 35.000 | 35.000 | | |
| 6912 | Vedlh. Nissan 84 R5 | 15.000 | 5.000 | 10.000 | |
| 6913 | Vedlh. Volvo 88 R3 | 45.000 | 45.000 | | |
| 6914 | Vedlh. Scania 90 R6 | 50.000 | 50.000 | | |
| 6915 | Vedlh. Scania 93 R1 | 35.000 | 35.000 | | |
| 6916 | Vedlh. Toyota 93 R7 | 10.000 | 5.000 | 5.000 | |
| 6918 | Vedlh. traktor R8 | 10.000 | 10.000 | | |
| 6919 | Vedlh. Åkermann R9 | 35.000 | | 20.000 | 15.000 |
| 6940 | Avgifter/trygder, bil | 113.000 | 100.000 | 10.000 | 3.000 |
| ** | | | | | |
| 7010 | Reise/kost/represnt. | 25.000 | 25.000 | | |
| 7020 | Diettgodtgjerdsle | 7.500 | 7.500 | | |
| 7030 | Kilometergodtgjerdsle | 23.000 | 15.000 | 6.000 | 2.000 |
| 7060 | Fergeutgifter | 45.000 | 45.000 | | |
| ** | | | | | |
| 7100 | Ørsavrunding MVA | | | | |
| ** | | | | | |
| 7310 | Informasjon | 90.000 | 60.000 | 15.000 | 15.000 |
| ** | | | | | |
| 7410 | Kontigent K.S. | 13.000 | 13.000 | | |
| 7430 | Gåver | 1.000 | 1.000 | | |
| ** | | | | | |

| KONTO | KONTONAMN | BUDSJETT 93 | HUSH./FORR. | GROVAVFALL | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|
| 7510 | Forsikringar, bygg | 12.000 | 12.000 | | |
| 7570 | Skadeerstatningar | 10.000 | 10.000 | | |
| ** | | | | | |
| 7610 | Prosjektmidlar, anaerob | 200.000 | | | 200.000 |
| ** | | | | | |
| 7810 | Avskriving, anlegg | 250.000 | 250.000 | | |
| 7811 | Avskriving, bilar | 220.000 | 220.000 | | |
| 7812 | Avskriving, grovavfall | 250.000 | | 250.000 | |
| 7813 | Avskriving, slam | 20.000 | | | 20.000 |
| ** | | | | | |
| 8080 | Renteinntekter, bank | -10.000 | -10.000 | | |
| ** | | | | | |
| 8110 | Ymse renter/morarenter | 2.000 | 2.000 | | |
| 8120 | Renter/prov. kassakredit | 3.000 | 3.000 | | |
| 8121 | Renter på lån, anlegg | 325.000 | 325.000 | | |
| 8122 | Renter på lån, bilar | 200.000 | 200.000 | | |
| 8123 | Renter på lån, grov./slam | 60.000 | | 45.000 | 15.000 |
| 8124 | Renter lån gravemaskin | 15.000 | | 10.000 | 5.000 |
| ** | | | | | |
| 8310 | Tilskot avfallsplan | -24.000 | -24.000 | | |
| 8311 | Tilskot "Anaerob" | -66.000 | | | -66.000 |
| 8320 | Tilskot nyanlegg | 0 | | | |

*****************************************************************************************

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 8999 | Årsresultat | 0 | 31.800 | 269.900 | -301.700 |

*****************************************************************************************

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD. | FORRETN. | GROV.FORR | SPESIAL | SUM | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 7410 | Kontigent, Kommunenes Sentralforbund | 13.000 | | | | 13.000 | |
| 7430 | Gåver | 1.000 | | | | 1.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 7510 | Forsikringar, bygg | 10.000 | 2.000 | 1.000 | | 13.000 | |
| 7570 | Skadeerstatning | 10.000 | | | | 10.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 7610 | Prosjektmidlar, anaerob | | | | | | 50.000 |
| ** | | | | | | | |
| 7810 | Avskriving, anlegg | 200.000 | 50.000 | | | 250.000 | |
| 7811 | Avskriving, bilar | 180.000 | 40.000 | | | 220.000 | |
| 7812 | Avskriving, grovavfall | | | 112.500 | | 112.500 | |
| 7813 | Avskriving, slam | | | | | | 20.000 |
| 7814 | Avskriving, spesialavfall | | | | 14.000 | 14.000 | |
| 7816 | Avskriving, Åkermann | 5.000 | | 5.000 | | 10.000 | 5.000 |
| ** | | | | | | | |
| 8080 | Renteinntekter, bank | -10.000 | | | | -10.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 8110 | Ymse renter / morarenter | 2.000 | | | | 2.000 | |
| 8120 | Renter / provisjon, kassakreditt | 3.000 | | | | 3.000 | |
| 8121 | Renter på lån, anlegg | 275.000 | 50.000 | | | 325.000 | |
| 8122 | Renter på lån, bilar | 160.000 | 40.000 | | | 200.000 | |
| 8123 | Renter på lån, grovavfall / slam | | | 45.000 | | 45.000 | 15.000 |
| 8124 | Renter på lån, gravemaskin | 5.000 | | 5.000 | | 10.000 | 5.000 |
| 8125 | Renter på lån, spesialavfall | | | | 14.000 | 14.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 8312 | Statstilskot, papir | -117.000 | | | | -117.000 | |
| 8320 | Tilskot nyanlegg | | | | -276.800 | -276.800 | |
| 8999 | Årsresultat | -27.800 | 118.600 | -104.050 | 0 | -13.250 | 603.550 |

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD. | FORRETN. | GROV.FORR | SPESIAL | SUM | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 6720 | Gebyr, betalingsformidling | 5.000 | | | | 5.000 | |
| 6760 | Aviser / tidsskrift | 2.000 | | | | 2.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 6810 | Telefon | 22.500 | 10.000 | 2.500 | | 35.000 | 10.000 |
| 6850 | Porto | 5.000 | | | | 5.000 | 2.000 |
| 6890 | Andre driftsutgifter | 5.000 | | | 5.000 | 10.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 6910 | Vedlikehald, Mercedes (R2) | 22.500 | | | | 22.500 | |
| 6911 | Vedlikehald, Volvo (R4) | 39.000 | | | | 39.000 | |
| 6912 | Vedlikehald, Nissan (R5) | 5.000 | | 10.000 | 6.500 | 21.500 | |
| 6913 | Vedlikehald, Volvo (R3) | 70.000 | 30.000 | | | 100.000 | |
| 6914 | Vedlikehald, Scania (R6) | 30.000 | 20.000 | | | 50.000 | |
| 6915 | Vedlikehald, Scania (R1) | 50.000 | 25.000 | | | 75.000 | |
| 6916 | Vedlikehald, Toyota (R7) | 5.000 | 5.000 | | | 10.000 | |
| 6918 | Vedlikehald, traktor (R8) | 14.200 | | | | 14.200 | |
| 6919 | Vedlikehald, Åkermann (R9) | 12.000 | | 12.000 | | 24.000 | 12.000 |
| 6940 | Avgifter / trygder, bilar | 40.000 | 14.000 | | | 54.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 7010 | Reise, kost, representasjon | 25.000 | 5.000 | 5.000 | 5.000 | 40.000 | 5.000 |
| 7020 | Diettgodtgjerdsle | 5.000 | 2.500 | | | 7.500 | |
| 7030 | Kilometergodgjerdsle | 10.000 | | | | 10.000 | 2.000 |
| 7060 | Fergeutgifter | 50.000 | 5.000 | | 10.000 | 65.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 7100 | Ørseavrunding MVA | | | | | | |
| ** | | | | | | | |
| 7310 | Informasjon | 90.000 | | 10.000 | 10.000 | 110.000 | 15.000 |
| 7320 | Prosjekt, tøybleier | 50.000 | | | | 50.000 | |
| ** | | | | | | | |

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD. | FORRETN. | GROV.FOR | SPESIAL | SUM | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 6180 | Kommunale avgifter | 18.000 | 4.000 | | | 22.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 6220 | Grunnleige, Alida | 1.500 | | | | 1.500 | 1.000 |
| 6230 | Lagerleige | 55.000 | | | | 55.000 | |
| 6270 | Reinhald | 35.000 | 15.000 | | | 50.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 6310 | Innleige maskin/arbeidshjelp | | | | | | 2.500 |
| 6311 | Innleige konteinarar (grovavfall) | 25.000 | | | | 25.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 6430 | Innbu og utstyr | 38.000 | 5.000 | | 5.000 | 48.000 | |
| 6431 | Maskiner / teknisk utstyr | 14.000 | 6.000 | | 10.000 | 30.000 | |
| 6432 | Kjeldesorteringsutstyr | 100.000 | | | 275.000 | 375.000 | |
| 6433 | Kostnad papirinnsamling | 10.000 | 10.000 | | | 20.000 | |
| 6440 | Kostnad EDB | 25.000 | 10.000 | | | 35.000 | 50.000 |
| 6460 | Diverse materiell | 8.000 | 2.000 | | | 10.000 | |
| 6480 | Verne og arbeidskle | 40.000 | 8.000 | | | 48.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 6510 | Vedlikehald, Miljøstasjon | 200.000 | 50.000 | | | 250.000 | |
| 6520 | Vedlikehald, maskiner / utstyr | 15.000 | | | | 15.000 | |
| 6530 | Vedlikehald, slamdeponi | | | | | | 5.000 |
| 6540 | Vedlikehald, grovavfallsdeponi | 6.500 | | 10.000 | | 16.500 | |
| ** | | | | | | | |
| 6610 | Revisjon | 12.500 | 3.000 | 2.500 | 1.000 | 19.000 | 3.000 |
| 6620 | Rekneskap | 33.000 | 10.000 | 4.000 | 5.000 | 52.000 | 10.000 |
| 6630 | Administrasjonskostnader | 7.000 | 3.000 | | 3.000 | 13.000 | 2.000 |
| 6640 | Konsulenthonorar | 63.000 | 7.000 | | | 70.000 | 2.500 |
| ** | | | | | | | |
| 6710 | Kontorutgifter | 23.000 | 12.000 | | | 35.000 | |

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD. | FORRETN. | GROV.FOR | SPESIAL | SUM | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5290 | Påløpte feriepengar | 224.000 | 40.000 | 6.000 | 5.100 | 275.100 | 12.500 |
| ** | | | | | | | |
| 5310 | Møtehonorar | 13.000 | 7.000 | 5.000 | 5.000 | 30.000 | 5.000 |
| 5311 | Møtekostnader | 10.000 | 3.000 | 1.000 | 2.000 | 16.000 | 1.000 |
| ** | | | | | | | |
| 5410 | Arbeidsgjevaravgift | 253.300 | 43.000 | 6.300 | 5.400 | 308.000 | 13.000 |
| 5411 | Arb.gj. avgift av påløpte feriepengar | 24.650 | 4.500 | 650 | 550 | 30.350 | 1.350 |
| 5420 | Pensjonspremie | 36.000 | | | | 36.000 | 4.000 |
| 5421 | Pensjonspremie, eigenkapital | 2.500 | 32.500 | | | 35.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 5610 | Sjukepengar, refusjon | -50.000 | | | | -50.000 | |
| 5620 | Feriepengar, refusjon | -5.000 | | | | -5.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 5710 | Kursutgifter | 30.000 | 10.000 | | 10.000 | 50.000 | 5.000 |
| ** | | | | | | | |
| 5910 | Sosiale kostnader | 4.000 | 3.000 | | | 7.000 | |
| 5911 | Bedriftshelsetenesta | 15.600 | 1.300 | | 700 | 17.600 | 1.000 |
| 5913 | Kommunal opplæring | 1.800 | | | | 1.800 | |
| 5920 | Garanti / ulukkestrygding, personar | 15.000 | | | | 15.000 | 2.500 |
| ** | | | | | | | |
| 6010 | Transport, Grautneset | 220.000 | 165.000 | | | 385.000 | |
| 6020 | Transport glas | 50.000 | | | | 50.000 | |
| 6030 | Transport, spesialavfall | | | | 57.400 | 57.400 | |
| 6031 | Transport, grovavfall | 40.000 | | | | 40.000 | |
| 6040 | Transport, slam | | | | | | 1.003.200 |
| ** | | | | | | | |
| 6110 | Straumutgifter | 22.000 | 11.000 | 15.000 | | 48.000 | |
| 6150 | Forbrenningskostnader, Grautneset | 2.200.000 | 1.100.000 | | | 3.300.000 | |

# BUDSJETT VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK 1994-2

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD. | FORRETN. | GROV.FOR | SPESIAL | SUM | SLAM |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 3010 | Sal av sekkar,Volda | -30.000 | | | | -30.000 | |
| 3011 | Sal av sekkar, Ørsta | -30.000 | | | | -30.000 | |
| 3020 | Stativavgift, Volda | -3.390.900 | | | | -3.390.900 | |
| 3021 | Stativavgift, Ørsta | -3.964.950 | | | | -3.964.950 | |
| 3030 | Avgift forr.bos, Volda | | -1.102.600 | | | -1.102.600 | |
| 3031 | Avgift forr.bos, Ørsta | | -1.102.600 | | | -1.102.600 | |
| 3040 | Avgift grovavfall, Volda | | | -210.000 | | -210.000 | |
| 3041 | Avgift grovavfall, Ørsta | | | -210.000 | | -210.000 | |
| 3042 | Avgift grovavfall private, Volda | 0 | | | | 0 | |
| 3043 | Avgift grovavfall private, Ørsta | 0 | | | | 0 | |
| 3044 | Avgift spesialavfall priv., Volda | | | | -88.900 | -88.900 | |
| 3045 | Avgift spesialavfall priv., Ørsta | | | | -103.950 | -103.950 | |
| 3050 | Avgift slam, Volda | | | | | | -210.000 |
| 3051 | Avgift slam, Ørsta | | | | | | -585.000 |
| 3060 | Sal av stativ | -130.000 | | | | -130.000 | |
| 3070 | Sal av kompostbingar | -45.000 | | | | -45.000 | |
| 3071 | Utleigeinntekter, maskin | | | -5.000 | | -5.000 | |
| 3090 | Andre inntekter | | | | | | |
| ** | | | | | | | |
| 4010 | Kjøp av sekkar | 200.000 | 70.000 | | | 270.000 | |
| 4020 | Kjøp av stativ | 100.000 | | | | 100.000 | |
| ** | | | | | | | |
| 5010 | Faste løner | 1.680.000 | 350.000 | 40.000 | 10.000 | 2.080.000 | 110.000 |
| 5020 | Ekstrahjelp | 387.500 | | 12.500 | | 400.000 | |
| 5030 | Overtid | 65.000 | 40.000 | 10.000 | 10.000 | 125.000 | 10.000 |
| ** | | | | | | | |

# OPPDRAGSAVTALE MELLOM VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK OG LARS M. FUGLEDAL AS

*VEDKOMANDE GJENNOMFØRING OG FINANSIERING AV OPPDRAG:*

# ANAEROB HANDSAMING AV VÅTORGANISK AVFALL

## 1. INNLEIING.

Vi syner til prosjektbeskrivelsen om overståande tema som vedlegg til søknadar om støtte i sluten av april i år, og korrigeringar til prosjektbeskrivelsen datert 13.08.93. Vi stadfestar med dette at vi tek på oss oppdraget i samband med overståande prosjekt.

## 2. GJENNOMGANG AV OPPDRAGET.

Prosjektet skal ha som hovedmål å kome fram til ein teknisk og økonomisk realiserbar innsamling og handsaming av alt avfall i regionen. Løysinga vil bli basert på kjente teknikkar og tilpassa tilhøva i regionen. Ein skal særskilt sjå på om det er er mogleg å handsame det våtorganiske avfallet i regionen anaerobt.

Dette fører til fylgjande medverknad:

- Vere sekretær i prosjektgruppa.
- Lage framlegg til retningsliner og direktiv for datainnsamlinga (som skal vere av enkel type og i samarbeid med andre kommunale etatar). Vere med å vurdere desse og trekke rammene for vidare arbeid på prosjektet.
- Datainnsamlinga skal gje svar på fysiske mengder våtorganisk avfall frå bedrifter, institusjonar og landbruket.
- Utarbeide og overføre naudsynt informasjon under datainnsamlinga.
- Stå føre bearbeiding og evaluering av innsamla materiale og gå gjennom moglege utviklingstendensar slik at valg av endeleg løysing vert mest mogleg framtidsretta.
- Delta i vurderinga av det innsamla materialet og utarbeide eit framtidsretta forslag til organisering og gjennomføring av avfallshandsaminga i regionen.
- Utarbeide eit kostnadsoverslag for eit anaerobt

handsamingsanlegg og framlegg til finansiering og utforming av naudsynte søknader.

3. ALMINNELEGE KONTRAKTSBESTEMMELSAR

Dersom anna ikkje er avtalt gjeld NS 3403 - "Alminnelige kontraksbestemmelser om arkitekters og ingeniørers utførelse av prosjektering og rådgiving", 3. utgave, for oppdraget. Bestemmelsar om uavhengigheit, erstatningansvar og avgrensingar ved eventuelle forseinkingar eller feil frå Lars M. Fugledal si side er teke med i NS 3403 pkt. 3, 6 og 12.

4. KONTAKTPERSONAR.

Kontaktperson ved VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK: Styreleiar Ove Lid som prosjektansvarleg og prosjektleiar

Kontaktperson i Lars M. Fugledal AS: Dagleg leiar, sivilingeniør Lars M. Fugledal, som prosjektsekretær.

5. RESSURSBRUK.

Oppdraget har ein maksimal økonomisk ramme inkl. reise - og opphaldsutgifter innan regionen på kr. 150.000,-.

6. TIDSFRISTAR.

Oppdraget skal vere sluttført med rapport i veke 08/94.

7. OPPGJÆR.

Betaling skjer i månadlege faktura på kr. 25.000,- for september (omfattar det førebuande arbeidet), oktober, november og desember med sluttoppgjer i februar 1994. Eventuelt arbeid på prosjektet utover det som er avtalt i denne oppdragsavtalen godtgjerast etter vedlagte honorarberekning om ikkje anna er avtalt.

8. AVGIFTSBEREKNING.

Oppgjær for dette oppdraget er normalt utanom avgiftsområdet.

9. OPPHEVING AV AVTALEN.

Dersom ein av partane misleghald avtalen, og misleghaldet ikkje er uvesentleg, har den eine parten rett til å heve avtalen. I tilfelle annulering/heving, skal det arbeid som er utført, bli honorert og bli stilt til disposisjon for oppdragsgivar i form av rapport, notat eller på annan

måte, som sikar dei opplysningane som er betalt for.

Avtalen er skriven ut i 2 undreteikna eksmplar.

Høvdebygda 22/9-1993

Styreleiar driftsleiar
Ove Lid Kjetil Årøen
for Volda Ørsta reinhaldsverk

Ålesund 5/10-1993

Siv.ing.
Lars M. Fugledal
for Lars M. Fugledal AS

## HONORARBEREKNING

Honorar for eventuelle avtalte arbeid på dette prosjektet utover det som er beskrive ovanfor, bereknast etter medgått tid etter timelister. Honorarsatsen er for tida kr. 420,-.

Reisetid utanom normal arbeidstid honorerast med kr 210,- pr. time.

## DEKKING AV UTLEGG

Reisekostnad dekkast etter Statens regulativ.

Kopiering og laserutskrift, interne og eksterne, dekkast eter fylgjande takstar:

| | |
|---|---|
| A4: | kr. 3,- pr. side eks. mva. |
| A3: | kr. 5,- pr. side eks. mva. |
| Laserutskrift | kr. 3,- pr. side eks. mva. |
| Telefaks | kr. 10,-pr. side eks. mva. |

Porto utover vanlige sendingar betalast etter gjeldande portotakstar.

Dataoverføring via modem ved oppringt samband betalast etter oppkoblingstid og gjeldande teletakster.

## BETALINGSBETINGELSAR

Betalingsfrist er 14 dagar etter at faktura er motteken. etter forfall bereknast 1,5 % rente pr påbegynt månad.
Purregebyr er kr. 40,- pr. purring.

5/10-93

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24 6160 Hovdebygda



Det vart halde styremøte i VØR torsdag 11/11-93 kl 11.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust (delvis)
Hans Ryste
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar yngste velkomen, og ba om å få handsame to skaer i tillegg til saklista.

**Utsett sak nr. 42/93: BUDSJETT 94.**

Det vart presentert eit framlegg til budsjett frå leiar i representantskapet, sytreleiar og driftsleiar. Dette forslaget baserte seg på ein generell prisauke på 3% på alle postar. Ein syner til budsjettframlegget side 6, der forutsetningane er lista opp.

Styret handsama budsjettet og gjorde fylgjande endringar:

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD | FORRETN | NY TOTAL SUM |
|---|---|---|---|---|
| 5310 | MØTEHONORAR | 13.000 | 7.000 | 35.000 |
| 6110 | STRAUMUTGIFTER | 22.000 | 11.000 | 48.000 |
| 6270 | REINHALD | 35.000 | 15.000 | 50.000 |
| 6431 | MASKINER/TEKN. UTSTYR | 14.000 | 6.000 | 30.000 |
| 6440 | KOSTNAD EDB | 25.000 | 10.000 | 85.000 |
| 6630 | ADMINISTRASJONSKOSTNAD | 7.000 | 3.000 | 15.000 |
| 6640 | KONSULENTHONORAR | 63.000 | 7.000 | 72.500 |
| 6710 | KONTORUTGIFTER | 23.000 | 12.000 | 35.000 |
| 7310 | INFORMASJON | 75.000 | 0 | 125.000 |
| 7320 | PROSJEKT, TØYBLEIER | 50.000 | | 50.000 |

Styret vel å rekne slammet som ein eigen post, som ikkje skal med i totalsummen.

Desse endringane fører til fylgjande gebyr for 1994:

| | |
|---|---|
| - Gebyreining for hushaldningar (inkl. papir, grovavfall): | 1335,- |
| - Tilleggsgebyr for "SKVETTEN": | 35,- |
| - Pris pr. ekstrasekk, private: | 26,- |
| - Gebyreining for industri o.l. (eks. spesialavfall) | 1285,- |
| - Forretningsavfall levert VØR | 1480,/tonn |
| - Pris pr kolli, industri | 30,- |
| - Grovavfall, industri (m3) | 105,- m3 |
| - Slam, 4,5 m3 | 600,-/år |
| - Slam, 7,5 m3 | 769,-/år |
| - Slam, 9,5 m3 | 962,-/år |
| - Tankar over 10 m3 | 100,-/m3 |

Samrøystes vedtak lyder:

**Styret i VØR går inn for at gebyra for 1994 vert som lista over, og rår representantskapet å gjere likelydande vedtak.**

**Sak 46/93: Transportoppdrag til Grautneset.**

VØR har fått oversendt eit brev frå Per Åge Bøstrand, der han som ein konklusjon legg fram eit forslag for styret om å legge inn ein 5 års kontrakt med 6 mnd oppseiing dersom VØR finn å ta over transporten sjølv.

Styret vurderte framlegget, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

**Styret i VØR går inn for å skrive ei 4-5 års kontrakt med Bøstrand Transport på transporten av komprimert avfall til Grautneset. Føresetnaden er at VØR står fritt til å seie opp avtalen med 6 mnd varsel. Leiar i representantskapet, styreleiar, Per R. Mork og driftsleiar vart oppnemnt til å utarbeide eit kontraktsframlegg.**

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24 6160 Hovdebygda



**Sak 47/93: Renovasjon på Trandal.**

Styret i VØR gjorde fylgjande vedtak:

**Styret i VØR gir driftsleiar løyve til å skrive avtale med Trandal Sameige om å stå føre renoveringa av Trandal. Ei skriva avtale skal innhalde omfanget av arbeidet, og vilkåra.**

Kjetil Årøen

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Reinhaldsverket onsdag 3/11-93 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Hans Ryste
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Styreleiar bad om at sak 43/93 vart handsama først, i og med at den kunne få utslag på budsjettet for 1994.

**Sak nr. 43/94: Transport til Grautneset.**

VØR lyste i august ut oppdraget på tilbod. Det kom inn to svar, og eg syner til styresak 37/93: Tilbodsopning.

Driftsleiar gjorde greie for ei fageleg vurderin av dei to selskapa, der konklusjonen i utgangspunket likestilte dei to firmaene med tanke på utstyr og rutiner.

Det vart presentert to framlegg til vedtak:

Framlegg frå styreleiar:

1. Styret i VØR går inn for at Bøstrand Transport får oppdraget med å transportere komprimert avfall frå VØR til Grautneset. Prisane på oppdraget i fylgje tilbod datert 14/10-93.

   Omfanget av oppdraget skal knytast til ei ny kontrakt med eitt års varigheit.

Framlegg frå Per Mork:

2. Styret i VØR går inn for at Vartdal Transport AS får oppdraget med å transportere komprimert avfall frå VØR til Grautneset. Prisane på oppdraget i fylgje tilbod datert 15/10-93.

   Omfanget av oppdraget skal knytast opp til ei kontrakt med eitt års varigheit.

   Det vart røysta over framlegga, og dette gav fylgjande resultat:

Framlegg 1 : Fire for, ei røyst mot (Per Mork)

Framlegg 2: Ei røyst for (Per Mork), fire mot

**Sak nr. 42/93: Budsjett 94**

Det var lagt fram eit forslag til budsjett for 1994. I framlegget var det teke med utplasering av konteinarar for grovavfall og spesialavfall som er i tråd med det kjeldesorteringsplanen konkluderer med. Styret slutta seg til oppsettet der vi spesifiserer kvar einskild aktivitet. Styret slutta seg og til løysinga for spesialavfall (Skvetten). Det vart derimot bedt om å gjere greie for alternative løysingar for innhenting av grovavfall, og alternativ løysing for papirinnsamlinga.

På bakgrunn av dette vart det ikkje gjordt vedtak i saka, som vert utsett til neste møte.

**Sak nr. 44/93: Registrering av abonnentar.**

I fylgje vedtak i kommunestyret i Ørsta (K.sak 68/93 punkt 5), skal dei "økonomiske og praktiske konsekvensane av prinsippet- om kvar kjøkkenkrok/tre hyblar som gebyrbetalande eining- før endeleg vedtak."

Dette tyder i praksis at ein må kartlegge alle bueiningar før ein kan gjere ein økonomisk vurdering.

VØR var i gang med dette arbeidet basert på midlar frå attføringstiltak, men desverre stansa dette opp.
Reinhaldsverket har ikkje økonomisk grunnlag for å betale ein person full løn over ein lengre periode.
Som bakgrunn for vedtaket syner ein og til vedtektene § 11.

Samrøystes vedtak lyder:
**Styret I VØR syner til punkt 5 I vedtaket om godkjenning av kjeldesorteringsplanen, og ber om at kommunen sjølv finansierer gjennomføring av vedtaket.**
**Styret syner og til at det er teknisk etat som skal halde oppdaterte register.**

**Sak nr. 45/93: Intensjonar/satsing.**

Det vart ikkje sett av tid til denne saka, og ho vert dermed utsett til eit seinare møte.

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i VØR torsdag 11/11-93 kl 11.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust (delvis)
Hans Ryste
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar yngste velkomen, og ba om å få handsame to skaer i tillegg til saklista.

**Utsett sak nr. 42/93: BUDSJETT 94.**

Det vart presentert eit framlegg til budsjett frå leiar i representantskapet, sytreleiar og driftsleiar. Dette forslaget baserte seg på ein generell prisauke på 3% på alle postar. Ein syner til budsjettframlegget side 6, der forutsetningane er lista opp.

Styret handsama budsjettet og gjorde fylgjande endringar:

| KONTO | KONTONAMN | HUSHALD | FORRETN | NY TOTAL SUM |
|---|---|---|---|---|
| 5310 | MØTEHONORAR | 13.000 | 7.000 | 35.000 |
| 6110 | STRAUMUTGIFTER | 22.000 | 11.000 | 48.000 |
| 6270 | REINHALD | 35.000 | 15.000 | 50.000 |
| 6431 | MASKINER/TEKN. UTSTYR | 14.000 | 6.000 | 30.000 |
| 6440 | KOSTNAD EDB | 25.000 | 10.000 | 85.000 |
| 6630 | ADMINISTRASJONSKOSTNAD | 7.000 | 3.000 | 15.000 |
| 6640 | KONSULENTHONORAR | 63.000 | 7.000 | 72.500 |
| 6710 | KONTORUTGIFTER | 23.000 | 12.000 | 35.000 |
| 7310 | INFORMASJON | 75.000 | 0 | 125.000 |
| 7320 | PROSJEKT, TØYBLEIER | 50.000 | | 50.000 |

Styret vel å rekne slammet som ein eigen post, som ikkje skal med i totalsummen.

Postboks 24 6160 Hovdebygda

Desse endringane fører til fylgjande gebyr for 1994:

| | |
|---|---|
| - Gebyreining for hushaldningar (inkl. papir, grovavfall): | 1335,- |
| - Tilleggsgebyr for "SKVETTEN": | 35,- |
| - Pris pr. ekstrasekk, private: | 26,- |
| - Gebyreining for industri o.l. (eks. spesialavfall) | 1285,- |
| - Forretningsavfall levert VØR | 1480,/tonn |
| - Pris pr kolli, industri | 30,- |
| - Grovavfall, industri (m3) | 105,- m3 |
| - Slam, 4,5 m3 | 600,-/år |
| - Slam, 7,5 m3 | 769,-/år |
| - Slam, 9,5 m3 | 962,-/år |
| - Tankar over 10 m3 | 100,-/m3 |

Samrøystes vedtak lyder:

**Styret i VØR går inn for at gebyra for 1994 vert som lista over, og rår representantskapet å gjere likelydande vedtak.**

## Sak 46/93: Transportoppdrag til Grautneset.

VØR har fått oversendt eit brev frå Per Åge Bøstrand, der han som ein konklusjon legg fram eit forslag for styret om å legge inn ein 5 års kontrakt med 6 mnd oppseiing dersom VØR finn å ta over transporten sjølv.

Styret vurderte framlegget, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

**Styret i VØR går inn for å skrive ei 4-5 års kontrakt med Bøstrand Transport på transporten av komprimert avfall til Grautneset. Føresetnaden er at VØR står fritt til å seie opp avtalen med 6 mnd varsel. Leiar i representantskapet, styreleiar, Per R. Mork og driftsleiar vart oppnemnt til å utarbeide eit kontraktsframlegg.**

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24  6160 Hovdebygda



**Sak 47/93: Renovasjon på Trandal.**

Styret i VØR gjorde fylgjande vedtak:

**Styret i VØR gir driftsleiar løyve til å skrive avtale med Trandal Sameige om å stå føre renoveringa av Trandal. Ei skriva avtale skal innhalde omfanget av arbeidet, og vilkåra.**

Kjetil Årøen

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk tysdag 19/10-93 kl 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar yngste velkomen, og det var ingen merknader til sakliste og innkalling.

**Sak nr. 37/93: Tilbodsopning, transport Grautneset.**

Det kom inn to tilbod på dette oppdraget.

Desse firmaene var:
Vardal Transport A/S
Bøstrand Transport

Tilboda var som fylgjer:

Vartdal Transport A/S: Kr 100,- pr tonn v/ 24 tonn pr. tur.

Kr 94,- pr. tonn v/ 27 tonn pr. tur.

Bøstrand Transport: Kr 75,- pr. tonn v/ 24 tonn pr tur.

Kr 70,- pr tonn ved vekt over 24 tonn pr. tur.

Styret gjorde ikkje vedtak i saka på dette møtet, og ba driftsleiar om å utgreie dei ulike alternativa for transporten.

**Sak nr. 38/93: Budsjett 94**

Det vart lagt fram ei skisse til budsjett for 1994. I og med at det ikkje er diskutert konkret kva som er satsinga neste år, vart det ikkje gjordt vedtak i saka.

Sak 38/93 vert då å sjå på som ei rein orienterinssak.

Postboks 24 6160 Hovdebygda

**Sak nr. 39/93: Forskrifetr VØR**

Det har vore arbeidd ein god del med framlegget til nye forskrifter for VØR. I kjeldesorteringsplanen er det vedlagt eit framlegg basert på dei tiltaka som er skissert i planen vert fanga opp i forskriftene. Det punktet det er mest diskusjon rundt er § 14 om kven som skal betale gebyr.

Volda kommune gjorde i si handsaming av planen vedtak om at ei arbeidsgruppe skulle sjå nærmare på forskriftene. Dette vart gjordt og refferat frå dette møtet vart sendt ut til styret under sak 39/93.

Desse endringane var så omfattande, at leiarane i styret og representantskapet vedtok at framlegget på nytt skal opp i styre og representantskap.

Det vart lagt fram alternativt forslag til denne paragrafen frå Svanhild Myklebust.

Teksten lyder: "For kvart bustadhus skal det betalast ei gebyreining.
For bustadblokker, rekkehus der det bur fleire husstandar, skal det betalast ei gebyreining pr. husstand. Vert det behov for bruk av fleire sekkar, skal det betalast for desse ekstrasekkane."

Det vart røysta over framlegget som fekk to mot to røyster .
(Svanhild Myklebust og Per R. Mork for).

Styreleiar nytta si dobbeltstemme og framlegget fall.

I og med dette slutta fleirtalet i styret seg til framlegget frå arbeidsgruppa, og eg syner til saksutgreiinga under sak 39/93.

Framlegget går vidare til handsaming i representantskapet på møte 10/11-93.

**Sak nr. 40/93: Studietur til Danmark.**

I høve "anaerob-prosjekt" skal arbeidsgruppa på ein studietur til Danmark. Det vart vedteke under denne saka å sende også leiar i representantskapet og ein av dei tilsette. Det vart gjordt framlegg om Magnar Lid frå VØR.

Kjetil Årøen

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk onsdag 15/9-93 kl. 17.00.

Desse møtte:

Karsten Myklebust (vara for Svanhild Myklebust)
Hans Ryste
Jens Monsholm (vara for Kai Raaberg)
Bjørn Øren (vara for Per Mork)
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar ynskte velkomen, og det vart innleiingsvis vedteke å endre på rekkefylgja i saklista. (Sakene vert refferert i stigande orden.)

**Sak nr. 29/93: Revidering av 1993 budsjettet.**

Styret gjekk i gjennom det framlagde budsjettet, og dette vart samrøystes vedteke med mindre endringar. Post 6510 vart redusert med 26.200 kroner for å få det samla budsjettet i null.

Det vedteke budsjettet ligg som vedlegg til møteboka.

**Sak nr. 30/93: Tilsetting av stein Egset og Birger Breivik.**

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR går inn for å tilsette Stein Egset og Birger Breivik til å stå føre innsamlinga av papp og papir. Dei to skal nytte eksisterande køyrety, og innsamlinga går føre seg på ettermiddag/kveldstid. Stillingane utgjer innsamling fire kveldar i veka, og lønast etter 80% av full stilling.

**Sak nr 31/93: Godkjenning av anbodspapir.**

Styret vedtok å godkjenne det framlagte framlegget til tilbodspapir på transporten til Grautneset. Framlegget er og gjennomgått av advokat Prestegarden.

**Sak. nr 32/93: Opningstider på Miljøstasjonen.**

Oppstillinga i styreutgreiinga vart samrøystes vedteke. Dette fører til fylgjande opningstider:

| | |
|---|---|
| Mandag | 0800-1600 (1530) |
| Tysdag | 0800-1600 (1530) |
| Onsdag | 0800-1600 (1530) |

| | |
|---|---|
| Torsdag | 0800-1900 |
| Fredag | 0800-1600 (1530) |
| Laurdag | stengt |

Endringane vart gjordt på grunn av liten bruk av kvelds- og laurdagsope.

**Sak nr. 33/93: Diverse personalsaker.**

Hans Ryste sa seg ugild i sak 33/93.

A
Det vart vedteke å yte ein av dei tilsette i VØR økonomisk stønad. Stønaden er i form av eit rentefritt lån på 39.900,- ,og det skal tilbakebetalast etter avtale med styret.

B
Bjørn Øren fekk innvilga løna permisjon på fem dagar i ferien . Dette på grunn av sjukdom i familien.

**Sak nr. 34/93: Kontraktsframlegg, Anaerobt-prosjekt.**

Det vart under denne saka lagt fram forslag om å utsette prosjektet til neste år . Eventuelt å gjere registreringsarbeidet/forarbeidet sjølve (VØR). .

Det vert røysta over framlegget, og dette fall mot eit røyst (Hans Ryste).

Styret gjekk i gjennom framlegget til kontrakt mellom Lars M. Fugledal AS og VØR.
Ein del tekst vart endra, og framlegget oversendt til Fugledal for godkjenning.

Det endelege og undreskrivne skrivet ligg som vedlegg til møteboka.

**Sak nr. 35/93: Registrering av nye abonnentar.**

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR går inn for å engasjere ein person som i månadane fram til årsskiftet kan reise rundt og registrere samtlege husstandar i kommunene. Føremålet er at alle husstandar skal inn i renovasjonsordninga i ei eller annan form. Det er ei forutsetning at VØR før tilskot til løn. VØR dekker kilometerkostnaden.

**Sak nr 36/93: Eventuelt.**

Det var ikkje saker under eventuelt.

Møtet heva.

Kjetil Årøen

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Volda Ørsta Reinhaldsverk den 290693 kl17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Jens Monsholm (for Kai Raaberg)
Bjørn Øren (for Per R. Mork)
Svanhild Myklebust

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar ynskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**Sak nr.25/93. Transport til Ålesund**

VØR har sett vekk arbeidet med å køyre komprimert avfall til Ålesund. Avtalen går ut i 93, og styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Avtalen med Vartdal Transport seiast opp med virkning frå 1/7-93, og oppdraget med transporten skal sendast ut på anbod i august månad.

Utkastet til anbodspapira skal godkjennast av styret og advokat.

**Sak nr.26/93: Tilskot til sertifikat klasse 2.**

For å styrke beredskapen ved eventuell sjukdom, ferieavvikling og ekstraarbeid med papirinnsamling o.l.vart det gjordt fylgjande vedtak:

Styret i VØR går inn for at driftsleiar får dekt halvparten av kostnadane med å ta sertifikat klasse 2. VØR dekkjer i første omgang utgiftene til intensivkurset, men driftsleiar betalar attende halve summen over faste månadlege avdrag.

Dersom driftsleiar sluttar innan fem år, skal han betale attende beløpet som står att (årleg avkorting).

Fylgjande budsjettendring vert gjordt:

Konto 5710 vert endra frå 20.000,- til 30.000,- kroner.
Konto 7010 vert endra frå 35.000,- til 25.000,- kroner.

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

**Sak nr. 27/93: Leige av pairhall.**

VØR treng lagerplass til papp og papir. Styret gjorde fylgjande vedtak:

Styret går inn for ordninga med sekkehenting ein gong i månaden, og driftsleiar får løyve til å inngå avtale om leige av eigna hall inntil kr. 4.500 pr. mnd.

**Sak nr. 28/93: Tilsetting av Stein Egset.**

Det har vorte fremma krav frå Kommuneforbundet om at Stein Egset skal tilsettast fast i VØR.

Styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR går ikkje inn for å tilsette Stein Egset i første omgang. Styret syner til avfallsplanen som er til vurdering i kommunene, og ein veit ikkje omfanget av arbeidet vidare før denne er endeleg.
Ein syner også til at oppsynsmannen i VØR er langtidssjukmeld, og kva som skjer etter 1/11-93 med denne stillinga er usikkert.

Saka vert å vurdere saman med ny organisasjonsplan.

Kjetil Årøen

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda



Det vart halde styremøte i VØR 010693 kl. 17 på Miljøstasjonen.

Styreleiar ynskte velkomen, og det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Hans Ryste
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

**Sak nr 23/93: Papirinnsamling.**

På grunn av oppstart med innsamling av fråsoretert papp og papir, var det ein del punkt styret måtte ta avgjerd i.

Saka vart diskutert og det kom fram fleire synspunkt. Konklusjonane vart i stikkordsform:

Husstandar:
-innsamling i regi av VØR
-etterkvart oppmoding til lag og organisasjonar om å ta del
-tettare tømefrekvens i oppstarten

Industri:
-tilbod til forretningar i perioden 1/7-31/12-93
-halv pris på papiret mot det ein tek for avfall som skal til Grautneset
-prøve å få fram ordning med konteinarutleige

Ein må ordne med lagerplass, og driftsleiar fekk i oppdrag å finne eigna stad.

Det vart ikkje gjordt vedtak utover dette.

**Sak nr. 24/93: Reisegodtgjerdsle.**

Det er ulike måtar å rekne ut kostgodtgjerdsle ved tenestereiser.
Samrøystes vedtak :
VØR skal nytte samme mal som kommunene ved utrekning av reisegodtgjerdsle.

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i Vold/Ørsta Reinhaldsverk tysdag 20/4-93 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Hans Ryste
Svanhild Myklebust
Kai Raaberg
Per R. Mork

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar ynskte velkomen, og det var ingen merknader til innkaling og sakliste.

**Sak nr. 15/93: Årsmelding og rekneskap 1992.**

Årsmeldinga og rekneskapet vart gått igjennom, og styreleiar og driftsleiar gjorde greie for dei tala som vart prsenterte.

Årsmelding og rekneskapet for 1992 vart samrøystes godkjendt.

**Sak nr. 16/93: Omlegging og revidering av 1993 budsjettet.**

Budsjettet vart handsama på nytt i styret på grunn av omlegging til norsk standard. Det vart og teke med ein del reviderte postar.

På grunn av usemje om ordvalg, og namn på ein av postane (post6432), vart saka utsett til neste møte.

**Sak nr. 17/93: Bygging av sorteringshall.**

På grunn av dei vanskane vi har med å ha tilfredstillande drift i Alida, er det ynskjeleg å bygge eit sorteringsanlegg for grovavfall. Dette vart drøfta i styret, men vedtaket vart utsett i påvente på uttale frå kommunene om avfallsplanen.

Driftsleiar fekk løyve til å gjere eit forprosjekt på hallen , for å kostnadsberekne han meir nøyaktig.

**Sak nr. 18/93: Eventuelt.**

Orientering frå styreleiar om gjenomgang av fakturarutinene og avfallseminaret.

Møtet slutt.
Kjetil Årøen

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i VØR 270493 kl. 17 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Kai Raaberg
Ove Lid
Per R. Mork
Svanhild Myklebust

Einar Flø

**Utsett sak nr. 16/93: Revidert budsjett 1993.**

Det reviderte budsjettet vart vedteke, med fylgjande endring:

Konto nr. 6432 skal heite: "Innkjøp av kjeldesorteringsutstyr."

**Sak nr. 19/93: Tiskot til anaerobt prosjekt.**

VØR har søkt om tilskot til å gjennomføre eit forprosjekt på handsaming av våtorganisk avfall.

VØR finn dette prosjektet så intersssant at ein i vedtaks form har gått inn for å sikre framdrift sjølv utan dei stipulerte tilskota.

Samrøystes vedtaket lyder:

Under forutsetning av at tilskot frå fylke og eigarkommunene vert løyvt, løyver VØR inntil kr. 100.000,- i tillegg til tidlegare løyvde midlar til forprosjekt "Anaerob avfallshandtering". Midlane vert tekne frå innkome frå slamtøminga. Vedtaket gjeld kun dersom tilskotet frå SFT vert stroke eller avkorta. Parallelt med utgreiing av anaerobt prosjekt, må det også utgreiast alternative metoder for handsaming av våtorganisk avfall.

**Sak nr. 20/93: Reinare Volda/Ørsta prosjekt.**

Reinhaldsverket tilbyr gratis sekkar, samt innhente oppsamla boss.
Reinhaldsverket vil også samstundes køyre miljørute på bygdene for innhenting av kvitevarer, batteri, spesialavfall og plast.

**Sak nr. 21/93: Bemanning på Miljøstasjonen og i Alida.**

På grunn av sjukdom må det innleigast folk. Det blir leigd inn sjåfør til å køyre ein av bilane. Per R. Mork vert fung. driftsleiar. Han skal og ha hovedansvaret for Alida.

*VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*
Postboks 24 6160 Hovdebygda

**Sak nr 22/93: Gjennomgang av avfallsplan.**

Dei endringane som vart gjordt under gjennomgangen er komne med i det endelege utkastet til avfallsplanen som er sendt til kommunane for godkjenning.

Møtet heva kl. 20.00

Ove Lid

Handsaminga av planen vart sluttført på møte 110593 kl. 1900 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Kai Raaberg
Ove Lid

Einar Flø
Kjetil Årøen

**Sak nr. 22/93. Avfallsplan.**

Planen vart godkjend, og vedteken oversendt til kommunene for godkjenning.

Kjetil Årøen

**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK**
Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i reinhaldsverket tysdag 16/2-93 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar yngste velkomen, og det var ingen merknader til innkalling og sakliste.
Styreleiar bad om å få handsama tre ekstra saker i møtet.

**Sak nr. 07/93: Avklaring om fullamktene til driftsleiar.**

Samrøystes vedtak lyder:

Driftsleiar har mynde til å disponere dei budsjetterte postane innanfor budsjettet. Dette skal for den enkelte budsjettpost skje etter dei retningsliner styret har gitt.

For innkjøp over kr. 5.000,- skal det innhentast bindande tilbod frå fleire.

Interne overføringar må godkjennast av styret.

Evt. overskridingar av budsjettpostar skal fyrst godkjennast av styret.

Innsparingar på budsjettpostar skal kome budsjettet til gode, og ikkje utan styrevedtak nyttast til ikkje budsjetterte postar.

**Sak nr. 08/93: Formelt vedtak på takstar på slamtøming for fritidshus.**

Samrøystes vedtak lyder :

Styret i VØR vedtek at takstar for tøming av slamavskiljarar på fritidshus vert sett til kr. 300,- (+mva.) for 1993.

Styret i VØR rår representantskapet å gjere likelydnade vedtak.

**Sak nr. 09/93: Søknad om støtte til studietur.**

Saka går ut på grunn av at turen vart avlyst.

**Sak nr. 10/93: Utsending til avfallskonferanse:**

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR går inn for å sende to representantar til avfallskonferansen i Oslo. Representantane er nestformann i styret saman med driftsleiar. Dersom nestformannen ikkje har høve, går formannen inn i hennar stad.

**Sak nr. 11/93: Bygging av støvskjerming.**

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR går inn for at det vert bygd eit "glasbur" rundt manøverpanelet til komprimatoren. Det vert sett av kr 30.000,- til prosjektet, og budsjettpost 38.00.152 vert minka frå 185.000,- til 155.000,-.

**Sak nr. 12/93: Brev frå Helse og Miljøsentralen i Volda.**

VØR har moteke eit brev frå Helse og Miljøsentralen om å ettergi ein faktura på avfall som er innsamla i Volda sentrum.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR har ikkje vore kontakta om den omtalte dugnaden, og kan ikkje sjå nokon grunn til at rekninga ikkje skal betalast.

**Sak nr. 13/93: Generell debatt om innkjøp.**

Driftsleiar yngste å få styret si haldning til dette med å kunne betale meir for å få utført tenestene lokalt.

Eit samrøystes styre meinte at driftsleiar har høve til å vurdere servicen og tilgjengeligheita over tid, og at ein på det grunlaget kan forsvare å betale noko meir for tenestene lokalt.

**Sak nr. 14/93: Kurs KS**

Samrøystes vedtak lyder.

Styret i VØR vedtek at driftsleiar tek del på arbeidsgjevarkurs i KS regi. Kurset vert halde i Trondheim 16. og 17. mars.

Møte heva kl. 19.00

Kjetil Årøen

# *VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK*



Postboks 24 6160 Hovdebygda

Det vart halde styremøte i reinhaldsverket tysdag 12/1-93 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Styreleiar yngste velkomen, og det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.
Styreleiar bad om å få handsama to saker i tillegg til utsendte sakliste.

**Utsett sak nr. 38/92: avsetting av midlar til profilering /informasjon.**

Det vart ikkje gjordt endringar i tidlegare vedtak. Sjå utskrift frå møte 22/12-92.

Summen vert teken frå konto 38.00.202, som vert redusert frå 30.000 til 14.800 kroner.

**Utsett sak nr. 41/92b: Takstar på slamtøming.**

Etter tilråding frå miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen vart fylgjande vedtak gjordt:

I dei tilfelle der to eller fleire hus er ilag om ein tank som etter gjeldande føreskrifter har for lite volum, skal det krevjast inn avgift tilsvarande ein tank med godkjendt volum.

Tillegg til vedtak:
Gjeldande føreskrifter lyder:

Ein husstand skal ha eit volum på 4,0 m3
To husstandar skal ha eit volum på 7,0 m3
Tre husstandar skal ha eit volum på 9,5 m3
Fire husstandar skal ha eit volum på 12,0 m3 osv.

Dersom enkelthusstandar har tankar over 4,5 m3, skal dette ikkje ha innverknad på avgiftsberekninga.

I tidlegare vedtak som omhandlar takstane på slamtøming er det gjordt vedtak om tre avgiftsgrupper. Det som manglar er vedtak på pris pr. m3, for tankar over 10 m3.

Vedtaket var samrøystes og lyder:

Styret i reinhaldsverket vedtek at avgifta for slamavskiljarar over 10 m3 skal vere 100,- kroner pr. m3. Dette vert å rekne som ei årleg avgift.

## Sak nr. 01/93: Revidert 1993 budsjett.

Samrøystes vedtak lyder:
Styret i reinhaldsverket vedtek å godkjenne det framlagte forslaget til revidert 1993 budsjett.

**Sak nr. 02/93: Framlegg til føreskrifter for VØR.**

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i reinhaldsverket rår representantskapet til å godkjenne det framlagte forslaget til nye føresegner, og sende det vidare til høyring hjå dei rette insansane.

**Sak nr. 03/93: Retningslinjer for privat bruk av bilar/utstyr.**

Framlegget til vedtak vart vedteke samrøystes, med mindre endringar i takstane.
Vedtaket lyder:

Styret opnar for at det tilsette i VØR har høve til å nytte selskapet sine køyrety til einskilde private tenester. Forutsetninga for dette er at det skjer etter avtale med driftsleiar. Den som låner bil/traktor har ansvaret for at utstyret vert levert attende i same stand som før utlån.

For privat bruk gjeld fylgjande takstar:

Tenestebil: 2,0 kroner pr. kilometer
Konteinarbil: 2,0 kroner pr. kilometer
Taktor: 2,50 pr. kilometer.

Tillegg til vedtak:

Når køyretya skal nyttast privat, skal det førast opp kilometerstand før og etter bruk i ei køyrebok som ligg i bilen. Vedkomande må i tillegg føre opp namn og dato.

**Sak nr. 04/93: Eventuelt.**

Leiar i representantskapet har i eit brev til styret reagert på handsaminga av saker som gjeld lånopptak. Brevet vart lest opp på møtet, og styret tek innhaldet i brevet til vitande.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet vert rådd til å gjere slikt vedtak:
Volda/Ørsta reinhaldsverk tek opp lån, stort kr. 1.000.000,- i KLP til 11,15% nominell rente ( 11,46% effektiv rente). Avdragstida vert sett til 7 år, og lånopptaket forutset kommunal garantiar. Lånet skal nyttast til kjøp av ny komprimatorbil.

Volda og Ørsta kommuner vert bedne om å garantere for 50 % av lånet kvar.

**Sak nr. 05/93: Brev frå Ørsta Kommune.**

Ørsta kommunestyre har i sak 130/92 samrøystes vedteke å sende over til reinhaldsverket Kjetil Standal sitt framlegg punkt 2. Dette lyder:

"Ørsta kommunestyre bed reinhaldsverket vurdere om innhenting og evt. andre deler av verksemda kan gjerast meir effektiv, for eksempel ved at det blir henta inn kostnadsoverslag frå private med jamne mellomrom, f. eks. 5 år. På den måten kan det vurderast om prissetjinga til dei ymse tenestene er rett i forhold til markedsprisar."

Brevet vart lest opp i møtet, og styret tek skrivet til vitande.

**Sak nr. 06/93: Søknad om gratis sekkar til "Joguslaviaaksjon".**

Reinhaldsverket har motteke ein søknad frå Jarle Myklebust om å få sekkar til å sende hjelpepakkar i til Joguslavia. Styret vedtok av prinsippielle grunnar å avslå søknaden, med tilbaud Myklebust å kjøpe sekkane til kostpris.

Kjetil Årøen